



PÅ TUR I NÆROMRÅDET: Denne gjengen set stor pris på å bruke nærområdet sitt til tur og friluftsliv. Favorittområdet til gjengen på Langkåshaugen er Bergenåsen. Gro B. Røiland, arkivbilde

På leit etter nærturane

Aktive eldre slår eit slag for dei viktigaste turområda i kommunen, dei som er nær der folk bur.

[Øystein Akselberg](#)

PUBLISERT torsdag 08. januar 2026 - 11:00 SIST OPPDATERT torsdag 08. januar 2026 - 13:10

– Me ønskjer å slå eit slag for nærturområda i heile kommunen, og vil kartleggje viktige snarvegar og korridorar på kart, seier prosjektleiar Arne W. Hjeltnes.

Han fortel at dei skal ha fem møte rundt i kommunen, med oppstartsmøte på Gvarv torsdag 15. januar,

Det er Aktive eldre og deira medlemsorganisasjonar som står bak dette initiativet. I prosjektgruppa sit i tillegg til Hjeltnes også Helge Støren og Inger-Lise Bergan.

Alt arbeid skjer på dugnad, og ei rekkje organisasjonar i kommunen er med på samarbeidet.



VIL FINNE NÆRTURANE: Prosjektleiar Arne W. Hjeltnes i Aktive Eldre vil slå eit slag for nærturane i folk sitt nabolag. Arkivfoto

Vil ha med lokalkjende

I prosjektet ønskjer ein å samle lokalkjende brukarar av nærturane på fem folkemøte rundt i kommunen.

– På oppstartsmøtet vil me orientere om prosjektet og i fellesskap leggje inn viktige korridorar og snarvegar som bind saman rundturar i nabolaget, fortel Hjeltnes.

Han har utvikla eit web-kart i appen til Universitetet - Field Map, som dei vil bruke på storskjerm på folkemøta. Seinare kan enkeltpersonar gjerne fortsette i felt.

– På møtet ønskjer me kontakt med lokalkjende i Gvarvområdet for å lokalisere viktige snarvegar. Me ønskjer òg å diskutere og kartleggje vegane og leggje dei inn på kartet, seier Hjeltnes, og legg til at ein også skal diskutere vidare kartlegging og arbeid i heile kommunen.

Viktige nærturar

Aktive eldre peikar på at dei viktigaste turområda i kommunen er turar i nabolaget, nær der folk bur.

Dette er ferdselsårer med lite biltrafikk som kommunale vegar, traktorvegar, fortau, gang- og sykkelvegar og merka- og umerka stiar i utmark.

Dette nettverket er gjerne bunde saman av snarvegar og korridorar gjennom busetnad eller i kulturlandskapet.

Utan desse traséane vil mange verdifulle rundturar bli blokkerte eller reduserte.



EIN SNARVEG: Det er viktig å kjenne korridorar og snarveggar i nærtuområdet sitt. Det gjer gågruppa på Langkåshaugen. Bildet er teke frå ei tid tilbake. Arne W. Hjeltnes

– Turar i nabolaget året rundt er positivt for vår psykiske og fysiske helse. I dag mister vi snarveggar og korridorar bit for bit. Vi ønskjer å bevare moglegheitene til å gå varierende turar i nabolaget, også i framtida, seier gruppa i Aktive eldre.

Fleire møte kjem

Aktive eldre planlegg å arrangere rundt fem møter rundt i kommunen.

– Me inviterer lokalkjente personar som kan identifisere og karakterisere snarvegane og korridorane innanfor sitt nærmiljø. Noko arbeid må også gjerast ute, seier prosjektgruppa.

Første steg er å leggje vegane inn på kart-appen. I neste omgang vil ein markere snarvegane på tilsvarende måte som for merka sti, og i tett dialog med grunneigarar.

– Kommunen er svært interessert i å nytte våre registreringar i kommunens planarbeid. Då får politikarane nok eit godt kartgrunnlag for å kunne ta gode avgjerder i arealforvaltninga, seier arbeidsgruppa.